

# Den Mangfaldige Scenen inviterer til festival!

Festivalen finner stad på Nynorskens hus i Oslo sentrum. Alt er gratis og heile helga er fylt med aktivitet! Sjå vedlagt program for meir informasjon om alle framsyningane.

Vi i Den Mangfaldige Scenen vil spesielt invitere alle barn med familie til å delta på desse aktivitetane:

## Søndag 05.11.23:

18:00-18:30

*Våkner i en annen dag*

Sarah Camille

Få med deg historia om "å vakne i ein annan dag", "billettar til paradis", "rosa krølla vott", "chanson douce", "Wangari Maathai", og "tante Aase" og dei andre barnesongane til Sarah Camille. Med ein uttrykksfull røyst formidlar ho tekstane i eit lydbilete som er i grenseland mellom visesong, folk og verdsmusikk. I 2020 fekk ho Spellemannsprisen i kategorien barnemusikk, og i *Våkner i en annen dag* forsett ho å leike med ulike verder, språk og uttrykk. Dette er like morosamt for barn, ungdom og vakse i alle aldrar å oppleve! Berre møt opp!



## Søndag 05.11.23:

12:00-13:15

Rytmekurs *Shwan Wahed og Safaa Al-Saadi*, Samspill og Den Mangfaldige Scenen

I tillegg er det eit rytmekurs søndag formiddag som vi anbefaler for alle barn og vaksne. Her må de melde dykk på ved lenkja her: <https://forms.gle/eEmAmi6GTdjhRGhN9>

Dei profesjonelle musikarane Shwan og Safaa lærar deltakarane rytmar. Kurset endar i ein konsert kor publikum deltar og spelar saman med musikarane.

